

**MELAND KOMMUNE**  
næring og tekniske tenester

**Komm.avd. for natur -**

**5906 FREKHAUG**  
**Tlf 56171160**  
**Fax 56 17 11 61**

## **Elektronisk post til Meland kommune**

Til: Komm.avd. for natur - næring og tekniske tenester

Fra: Anny Bastesen, ,

Vår ref.: 12/1072-5

Arkiv:

Dato:23.08.2012

### **POST**

ArkivsaksID 12/1072

---

Fra: Anny Bastesen  
Sendt: 26. juni 2012 10:00  
Til: 'Litlebergen Brygge AS'  
Kopi: Jens Dahl  
Emne: Avtalar om parkeringsplass

Hei!

Her følger forslag til avtalar om parkeringsplassen.

Avtale om bygging av parkeringsplass. Avtalen er basert på at kommunen er formell avtalepart i høve til entreprenør.  
Eigen avtale om HMS-ansvar og økonomiansvar for utbyggjar, som følge av at kommunen er formell avtalepart i høve til entreprenøren.

I tillegg treng vi

Bankgaranti frå dykk, som følgje av at kommunen er formell avtalepart.  
Kontrakt med entreprenør

Kan du sjå på dette? Dersom det skal gjerast arbeid i ferien, bør vi ha eit møte denne veka, t.d. torsdag eller fredag. Alternativt i veke 29 eller 30.

Mvh Amny Bastesen

## Avtale om bygging av kommunal parkeringsplass på Litlebergen

Med heimel i reguleringsplanen for Litlebergen, godkjent av kommunestyret 25.03.2009, er det inngått avtale mellom Jan Eirik Kolstad AS og Litlebergen Båtforening (Utbyggjar) og Meland kommune (MK) om bygging av offentlig parkeringsplass på Litlebergen.

1. Parkeringsplassen skal byggjast som vist i reguleringsplanen for Litlebergen, godkjent av kommunestyret 25.03.2009, med status offentlig parkeringsplass.
2. Kommunen er byggherre og inngår avtale med utførande entreprenør.
3. Utbyggjar har ansvar for at anlegget er godkjent etter kap 20 i plan- og bygningslova m.o.t. prosess og gjennomføring.
4. Utbyggjar har ansvar for å hente inn anbod som gjev eit økonomisk mest fordelaktig tilbod.
5. Utbyggjar har ansvar for å dokumentere at anlegget fyller gjeldande sikrings-, kvalitets- og standardkrav.
6. Utbyggjar har ansvar for å avklare grunneigartilhøva og er avtalepart i høve til overtaking av privat grunn. MK overtar deretter grunnen med sideareal, vederlagsfritt. Grensene vert avtalt nærare når anlegget er ferdig. MK betaler kostnader ved tinglysing av skøyte.
7. Utbyggjar er kommunen sin kontaktperson i høve til utførande entreprenør, og representerer kommunen i byggeperioden.
8. MK og Utbyggjar avtaler overtaking av anlegget ved eigen overtakingsforretning.
9. MK er mottakar av faktura frå entreprenør som utfører arbeidet. Faktura skal sendast via Utbyggjar som kontrollerer og signerer faktura. Faktura skal stille opp kostnader med momsfratak (ekskl mva) og kostnader der kommunen får refusjon (inkl mva). MK fakturerer eit anleggbidrag tilsvarande faktura frå entreprenør eks. mva til Utbyggjar, i tråd med reglane om momsrefusjon og momsfratak. Anleggsbidraget skal vere betalt til kommunen før entreprenør får utbetalt sin faktura frå kommunen.
10. Utbyggjar utfører vedlikehald og snøbrøyting av parkeringsplassen for kr 5 000,- pr år i 5 år. Etter 5 år kan avtalen forlengjast og eventuelt justerast. Det skal sendast inn årleg rapport på utført vedlikehald og drift/snøbrøyting, seinast 1. mai.
11. Som tillegg til avtalen gjeld reguleringsplanen for Litlebergen, og erklæring frå Utbyggjar m.o.t. økonomi og HMS ansvar.

Frekhaug,

## Oppsummering og erklæring fra landmåler

Landmåler vurderer og gir ev. kommentarer til: • tillatelsen • rekvisisjonen • varsel om oppmålingsforretning • forberedelse av oppmålingsforretning • oppmålingsforretningen • måle- og beregningsarbeid • fakturering • matrikulering • tinglysing • utsendelse av matrikkelbrev • klageadgang og frister

Advokat Harald Hove har 27.06.2014 på vegne av eigar av gnr 26 bnr 1 og bnr 34 rekvirert oppmålingsforretning over gnr 26 bnr 34 og delar av gnr 26 bnr 1. Bakgrunnen for oppmålingsforretninga er å få klarlagt og oppmålt areal som skal erstattast i samband med Nordhordland tingrett sitt skjønn 21.03.2013, sak nr 12-059745SKJ-NOHO.

Oppmålingsforretning vart halde 10.10.2014. Ved forretninga møtte Knut Aase for gnr 26 bnr 1, Gerd Aase Dusenbury og Tore Aase for 26/34. Eigar av 26/11, 52 og 137 var også varsla, men møtte ikkje. Åge Andersen hjå Statens vegvesen har 23.09.2014 opplyst på telefon at fylkesvegen forbi 26/34 mest sannsynleg er bygd etter veglova frå 1938, og at vegvesenet dermed reknar grensa for vegen til å gå 2,5m utanfor vegkant/asfaltkant. Kommunen legg dette til grunn ved oppmåling av grensa til 26/1 og 26/34 mot fylkesvegen.

1: Grenser for gnr 26 bnr 34.

Eigedomen er etablert ved skyldskifte i 1938. Ingen av dei gamle merkesteinane var råd å finna. Ved rekonstruksjon av grensa for 26/34 tok ein utgangspunkt i den sørvestre grensa mellom 26/11 og 26/52, grensepunkt 26052D. Grensene for 26/52 vart oppmålt i samband med kartforretning på naboeigedomen 26/65 i 2008. Grenselina for 26/34 går i søraustleg retning 22m langs grensa til 26/52 til grensepunkt 2634-1. Her knekk lina mot sørvest og går 14,93m til grensepunkt 2634-2. Dette punktet ligg 2,5m frå vegkanten til fylkesvegen. Grensa knekk her i nordvestleg retning og går 22m til grensepunkt 2634-3 som også er utrekna til 2,5m frå vegkant på fylkesvegen. Herifrå 19,33m i nordaustleg retning tilbake til utgangspunktet. Arealet er utrekna til 374,6 m<sup>2</sup>. Grensemerking vert utført i etterkant.

2: Areal som skal klausulerast på gnr 26 bnr 1.

Arealet grensar i sør- vest til fylkesvegen (2,5m frå vegkant), i vest til 26/34, i nord til 26/52 og 26/65, i nord-aust til 26/15, 26/64, 26/82, 26/121, 26/33, 26/20 og i sør til 26/80. Delar av 26/143 ligg innafor det oppmålte arealet. Kommunen legg til grunn grensene som ligg i kartet for arealutrekninga, med unntak av dei nye grensene som er gått opp for 26/34 og grensa langs fylkesvegen som er retta. Arealet er utrekna til 3488,7 m<sup>2</sup>.

3: Areal som skal frådelast frå gnr 26 bnr 1.

I følgje avtale mellom Knut Aase og Jan Eirik Kolstad AS skal bnr 1 selja "det areal som er utlagt til parkeringsplass nord på eiendommen, grensende til bnr 34 og eksisterende vei mot Litlebergen kai."

Det er ikkje søkt om frådeling av dette arealet. Det vart avtalt at Knut Aase skulle følgja dette opp og senda inn søknad om frådeling/arealoverføring. I samband med innmåing av vegkant på fylkesvegen, har også kommunen målt inn vegkant langs gangvegen til Litlebergen kai. I følgje førebels oppmåling utgjer arealet omlag 340 m<sup>2</sup>, men vil verta endeleg oppmålt ved ny oppmålingsforretning når søknad om deling er godkjent.

Dei nye grensene til 26/34 er matrikkelført. Vidare er grensa langs fylkesvegen retta til å gå 2,5m frå vegkant på strekninga mellom gnr 26 bnr 80 til gnr 26 bnr 34.

Gebyr etter matrikkellova for oppmålingsforretninga vert sendt Jan Eirik Kolstad AS.

Det er skrive ut nytt matrikkelbrev for 26/34 som vert sendt eigar. Forenkla matrikkelbrev vert sendt naboar.

I samsvar med matrikkellova §46 og reglane i forvaltningslova kap IV - VI kan det klagast på utføringa av forretninga og på matrikkelføringa. Klagefristen er tre veker.

Sted

Frekhaug

Dato

16.10.2014

Underskrift

## Per Atle Sæle

---

**Fra:** Knut Kristian Aase <Knut.Aase@nhh.no>  
**Sendt:** 20. oktober 2014 11:07  
**Til:** Per Atle Sæle  
**Emne:** Re: Søknadsskjema  
**Vedlegg:** [Untitled][3].pdf

Kjære Per Atle Sæle,

Har fylt ut skjema du oversendte, etter beste evne. Det er vedlagt. Dersom noe mangler, ville det være fint om du kompletterer.

I følge de opplysningene jeg fikk om saken, skulle området på "Fagerbakken" (som er det lokale navnet på det området jeg og Gerd deler) gå til kommunal parkering, bl.a. for friluftsområdet på Smineset. Dersom det er Jan Erik Kolstad som egentlig skal ha området, blir dette en sak mellom ham og kommunen, slik jeg ser det. Hvis dette er feil oppfatning, kan du fylle inn Kolstad sitt navn på listen.

En annen sak. Jeg må diskutere med kommunen grensene for fylkesvegen forbi eiendommen min. Hvem er det jeg skal ta kontakt med i den anledning.

Mvh

Knut Aase

---

**From:** Per Atle Sæle <per.atle.sale@meland.kommune.no>  
**Date:** torsdag 16. oktober 2014 14.06  
**To:** Knut Aase <knut.aase@nhh.no>  
**Subject:** Søknadsskjema

Sender som avtalt på oppmålingsforretninga 10.10.14 skjema og kart for søknad om deling/arealoverføring frå 26/1 til 26/34.

Arealet utgjør om lag 335 m2 dersom grensa skal gå heilt i kanten av gangvegen. Arealet på sør-austsida av 26/34 er utrekna til 3488,7 m2. Protokoll frå oppmålingsforretninga vert sendt i posten.

Ta kontakt dersom du har spørsmål.

Med venleg helsing

Per Atle Sæle  
Oppmålingsingeniør  
Tlf 56171180/99323443  
E-post: [per.atle.sale@meland.kommune.no](mailto:per.atle.sale@meland.kommune.no)



**Meland kommune**  
*- Et samfunn for alle -*

[Sjå brosjyren vår](#)



## **Avtale om HMS ansvar og økonomiansvar, bygging av kommunal parkeringsplass på Litlebergen**

Denne avtalen gjeld som tillegg til avtale mellom kommunen og Utbyggjar om bygging av kommunal parkeringsplass på Litlebergen.

1. På vegne av Meland Kommune skal Utbyggjar ta på seg det økonomiske ansvaret og oppfølgingsansvar i høve til HMS-ansvaret som følger av kontrakten mellom kommunen og utførande entreprenør ....
2. Utbyggjar stiller med bankgaranti som sikrar at pliktene i avtalen mellom Kommunen og Utbyggjar om bygging av den kommunale parkeringsplassen blir teke vare på.

Frekhaug,

---

Jan Eirik Kolstad AS

Liltebergen Båtforening